



Kinn kommune
v/Vågsøy kommune
Postboks 294
6701 MÅLØY

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Marianne Bugge

E-post: Marianne.Bugge@sfj.no

Eva Moberg

E-post: eva.moberg@sfj.no

Sissel Lillebø Aarseth

E-post: sissel.lillebo.aarseth@sfj.no

Susan Tanja Solbrå

E-post: susan.tanja.solbra@sfj.no

Ida-Beate Molmesdal

E-post: ida-beate.molmesdal@sfj.no

Vår ref.

Sak nr.: 18/7960-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

18/14-39

Dato

LEIKANGER, 16.05.2019

Svar - Samfunnsplanen for Kinn kommune til offentleg ettersyn

Vi viser til oversending, mottatt her 15.04.19.

I samsvar med §11-1 i plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel for Kinn kommune for perioden 2020 –23 (32) er lagt ut på offentleg høyring. Flora og Vågsøy vedtok i 2017 å slå seg saman og bli ny kommune, Kinn kommune, frå 01.01.2020.

Dette er ei administrativ fråsegn til planutkastet. Høyring av utkast til samfunnsdelen vert òg handsama politisk. Saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av den administrative fråsegna og med innstilling til vedtak. Den administrative fråsegna er lagt ved den politiske saka. Dette er gjort for å kunne legge fram eit meir kortfatta dokument til politisk handsaming, medan høyringssvaret til kommunen er meir utfyllande og har ein meir rettleiande funksjon.

Planfagleg

Innhald

Vi saknar eit innleiande kapittel med oversikt over planprosessen, inkludert medverknad, korleis plansystemet i kommunen er tenkt bygd opp. Her bør òg omtala last oppbygging av samfunnsdelen og tilhøvet til handlingsprogram, økonomiplan og arealdel til kommuneplanen. Dette bør inngå i samfunnsdelen for å få oversikt over heilskapen og samanhengane i plansystemet.

Det går fram av saksutgreiinga (I møte den 03.04., sak nr. 041/19 i Fellesnemnda) at sjølv om prosessen er gjennomført på kort tid vurderer administrasjonen at samansettningane av gruppene har ført til at det ligg føre ein plan som er godt forankra politisk og i aktuelle fagmiljø i administrasjonen. Denne informasjonen kunne t.d. med fordel vore innarbeida i ein innleiande del til samfunnsdelen.

Det er òg ønskjeleg at det i eit innleiande kapittel går fram korleis planprosessen er tenkt knytt til overgangen til nytt kommunestyre i nye Kinn kommune frå 01.01.2020. Samfunnsdelen skal vedtakast av det nye kommunestyret, og me går utifrå at det er tenkt noko kring korleis det nye kommunestyret skal få eigarskap til planen – korleis det skal bli det nye kommunestyret «sin plan». At det nye kommunestyret får eit reelt eigarskap til planen er slik vi vurderer det avgjerande for at samfunnsdelen, inkludert handlingsdel, skal fungera som eit godt styringsdokument for utviklinga av Kinn kommune.

Planen er bygd opp kring følgjande tema:

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr.:

NO 941 388 841 MVA

- Arealutvikling og forvaltning
- Helse- og velferd i Kinn kommune
- Næring og samferdsle
- Klima og miljø
- Kinn kommune som organisasjon
- Samfunnssikkerheit og beredskap
- Oppvekst
- Kommunal økonomisk berekraft
- Kultur, idrett og frivillighet

Planen har ei oversikteteleg oppstilling, der kvart tema innehold følgjande: statistikk/fakta, aktuelle utfordringar, målsettingar og strategiar, som er delt opp i fire kategoriar. 1. Kommunen som samfunnsutviklar 2. Kommunen som tenesteytar 3. Kommunen som forvaltar 4. Planar som skal følgje opp samfunnsdelen.

I møte den 03.04., sak nr. 041/19 i Fellesnemnda for nye Kinn kommune vert samfunnsdelen lagt ut på høyring. Av saksutgreiinga går det fram at det i samband med planprogrammet blei vedteke at planstrategien som er utarbeida skal vere ein del av samfunnsdelen. Den syner ei oversikt over kva for detaljerte planar som skal utarbeidst etter at samfunnsdelen er vedteke. Planstrategien er ikkje ein del av sakstilfanget på saka. Vi vil tilrå at planstrategien vert innarbeida som ein integrert del av samfunnsdelen, då den styrkar samfunnsdelen som styringsreiskap med å prioritera planarbeid i tid og økonomiske ressursar.

Handlingsdel

Skal samfunnsdelen i kommuneplanen ha nokon funksjon, må den gi grunnlag for konkrete prioriteringar, og bidra til betre heilskaplege og meir føreseielege råmer for sektorane si verksemد og for innbyggjarane.

Samfunnsdelen for Kinn inkluderer ikkje ein handlingsdel, og utover planstrategien som gir ei oversikt over kva planar ein skal prioritere framover er det ikkje tydeleggjort korleis mål og strategiar i planen skal takast vidare for å munne ut i konkrete handlingar.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel med tiltak for gjennomføringa av planen sine målsetjingar innanfor kommuneplanperioden på fire år, jf. plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd. Dersom samfunnsdelen til kommuneplanen fullt ut skal vere relevant for vidare planlegging bør den vise kva konkrete handlingar som er tenkt for å følgje opp oppsette mål og strategiar. Ein handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa.

Det bør òg utviklast indikatorar for måling av den miljømessige og samfunnsmessige utviklinga i kommunen, som grunnlag for å ev. kunne justera kurser og tiltaka innafor ulike satsingsområde. Ved å knytte handlingsdelen direkte til samfunnsdelen vert det understreka at handlingsprogrammet ikkje er ei sjølvstendig planoppgåve, men ein konklusjon på korleis samfunnsdelen skal følgjast opp. Handlingsdelen legg føringar for prioritering av ressursar innanfor dei økonomiske rammene til kommunen, og gjer det enklare å forstå prioriteringane og dei konkrete føringane.

Handlingsdelen gjeld ikkje berre kommunen sine eigne tiltak, men òg avtalar som vert inngått med offentlege organ og private aktørar. Det er føresett at handlingsdelen skal rullerast årleg, slik at kommunestyret får høve til å påvirka og ta stilling til å følgje med på korleis kommuneplanen vert følgt opp og om det er behov for endringar.

Det går fram av saksutgreiinga (Fellesnemnda for Kinn kommune, 03.04) at tabellen som viser aktuelle planprosessar i åra framover (planstrategien) må få sin plass i årlege handlingsprogram og budsjett for å kunne gjennomførast og at dette er viktig med omsyn til å kunne følgje opp samfunnsdelen. I planprogrammet går det fram at Fellesnemnda skal utarbeide handlingsprogram, økonomiplan og budsjett for 2020, etter at samfunnsdelen er handsama av fellesnemnda i juni.

Vi ønskjer at kommunen seier noko om korleis arbeidet med handlingsplanen til samfunnsdelen er tenkt, gjerne som ein del av innleiinga til planen (jf. vår kommentar til innhald over). Fylkeskommunen ser med interesse på å følgje det vidare arbeidet med å innarbeida mål og strategiar til handlingsdelen.

Overordna arealstrategiar

Samfunnssdelen skal òg gi grunnlaget for prioriteringar i arealdelen. Innafor tema arealutvikling og forvaltning finn ein strategiar som vil gje viktige føringar for vidare arbeid med revisjon av arealdelen. Vi merkar oss at det ligg føringar for samlokalisering av ulike offentlege og daglege funksjonar innafor eksisterande sentra, at sentrumsutvikling, gåavstand, gode møteplassar, trafikktryggleik, fortetting og mindre bilavhengigheit er mellom satsingsområda til kommunen innafor arealutvikling og forvaltning. Vidare skal gode område for leik og grøntstruktur, vasskvalitet, naturmangfald og overvasshandsaming vektleggjast. Dette er viktige og gode føringar for revisjonsarbeidet med arealdelen til kommuneplanen for Kinn.

Vi vil likevel oppmode kommunen om å vere meir konkrete på kva arealbehov kommunen har. Føringane bør konkretisere kva nye eller endra arealbehov ein har innanfor ulike samfunnsområde, til dømes om ein basert på samfunnssdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle, eller andre føremål. Det bør òg vera føringar for kvar ein kan lokalisere ulike typar arealbruk innanfor kommunen. I vurderingane bør ein sjå heilskapleg på utviklinga i kommunen, og på korleis ny arealbruk bør lokaliserast for å bygge opp under målsettingar i samfunnssdelen.

Klima

Det er flott å sjå at Kinn kommune løftar klimautfordringane så høgt opp som de gjer i denne planen. Tilrettelegging for auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gang vert viktig i utviklinga av kommunen. Bilen har ei viktig rolle i fylket, og det bør leggast til rette for at den privatbilismen som skjer skal ha lågast mogeleg klimagassutslepp. Kommunen bør ha eit bevisst forhold til kvar det vil vere strategisk å plassere ladeinfrastruktur, i forhold til effektiv kommunikasjon mellom tettstadane, næringsverksemder og innbyggjarane sine behov. Nullutsleppskøyretøy skal vere eit reelt alternativ i heile fylket.

Løysingane på klima- og miljøutfordringane ligg i dialogen og samarbeidet med andre, då utfordringane er tverrfaglege, tverrsektorelle og kompliserte. Samfunnssendringa som ei klimaomstilling er, krev innsats i alle kommunen sine ansvarsområde. Samfunnssdelen tek tak i problematikken, og utfordringane som er nemnt kjenner vi att frå andre kommunar.

Det er positivt at kommunen har mål om å redusere klimagassutslepp. Tilgjengeleg statistikk på lokalt nivå viser ikkje det heile biletet, difor er det bra at kommunen presiserer både direkte og indirekte utslepp i eit klimagassrekneskap.

Helse- og velferd

Den demografiske utviklinga syner ein stadig eldre befolkning i Kinn kommune i åra framover, som òg i store delar av fylket og landet elles. Vi ønskjer å utforda kommunen på korleis ein legg til rette for dette i eit berekraftig perspektiv. Kinn legg opp til ein heimetenestebasert omsorgsmodell, der bistand i eigen heim er grunnprinsippet i tenestetilbodet. Folk skal få bu heime så lenge dei vil, men ikkje lenger enn det som er forsvarleg. Her er det viktig å inkludere omsyn til einsemd og sosial ekskludering som ein del av biletet. Kan ein t.d. legge til rette for bustader der eldre kan bu og klare seg meir sjølv, i «rullatoravstand» (300 m) frå lokale tenester? Dette kan gi mindre kostnader knytt til transport og tilrettelegging i kvar enkelt heim, og redusert reisetid for heimetenesta. Frigjering av einebustadar rundt omkring i kommunen kan kanskje òg gi moglegheiter for «lågterskel» tilflytting til meir spreidd bygde delar av kommunen. Lågterskel fordi det kan oppfattast som mindre omfattande å kjøpa eksisterande enn å byggja nytt i meir spreidd bygde område, der ein gjerne ikkje får att byggjeverdien av huset ved ev. vidaresal. Å setje fokus på framtida sine bustadløysingar for eldre er òg i samsvar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (mai 2019), der viktigheita av å planleggje for aldersvenlege samfunn er understreka.

Kultur og folkehelse

I Kinn kommune er det eit mål at kultur og idrettsaktivitetar ha ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunnet. Det er eit mål at innbyggjarane skal ha god folkehelse og føle på livsmeistring.

I utkastet til samfunnssdelen er levekår og livskvalitet (folkehelse) handsama på ein god måte.

Sentrale moment som sosial utjamning, inkludering, trivsel og deltaking er løfta fram. Det er tydelege signal på kva tiltak kommunen vil sette i verk for å stette desse sentrale områda.

Det er positivt at kommunen nyttar ei kunnskapsbasert tilnærming til kulturfeltet gjennom tilgjengeleg statistikk som KOSTRA og Norsk kulturindeks. Kulturindeksen viser at Kinn kommune har samanfallande utfordringar i dei to eksisterande kommunane på nokre områder t.d. kunstnarar, tildelingar og bibliotek. Ein har også felt der ein i dei to eksisterande kommunane har kompetanse som kan styrke kvarandre, som kulturarbeidarar og scenekunstfeltet.

Det er eit mål å bygge uavhengige møteplassar. Her er bibliotek ein særleg relevant ressurs.

Eit godt kulturliv og kunst og kulturtenester er eit samfunnsgode i seg sjølv, det ser ut som kommunen har gode strategiar for å bygge opp om eit profesjonelt og variert kulturliv. I tillegg kan ein ta ut meirverdiar av eit godt kulturtilbod der dette kan bidra til medverknad, deltaking og sosial utjamning samt motverke utanforskap.

Det er ikkje lagt opp til kommunale planar innan kulturfeltet, men strategiar. Vi vil rå til at ein utarbeider handlingsprogram som konkretiserer ansvar og viser gjennomføring av strategiane.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap kan òg koplast mot klimaendringane, og kommunen bør kople beredskapsarbeidet til planlegging og lokalisering. Kommunen må nytte Klimaprofil Sogn og Fjordane som del av kunnskapsgrunnlaget for å kunne klimatilpassa, og ikkje byggje inn ny årbarheit i samfunnet. Planlegging skal skje etter «føre-var-prinsippet», og kommunen sin kompetanse knytt til klimaendringar vil påverke samfunnssikkerheita og beredskapen i kommunen.

Florø si rolle som regionsenter

I regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur er Florø peika på som regionsenter på kysten. Vidare står det i strategien: «Regionsenteret er naturleg lokaliseringsstad for offentlege og private tenester som skal dekke kystregionen. Florø si rolle som regionsenter bør sjåast i samanheng med satsingane i regional strategisk plan for kysten.» I utkast til samfunnsdel er det under tema «Næring og samferdsle» pkt. 9 i strategiar sagt at Florø har teke rolla som regionsenter på kysten. Vi saknar at det i utkastet til plan vert drøfta kva dette betyr for den nye kommunen og regionen; kva mål, strategiar og føringar Kinn kommune vurderer som viktige i samband med utvikling av regionsenterrolla.

Kulturarv

Det er positivt at det er lagt vekt på at kommunen som tenesteytar skal ta vare på og formidle viktige kulturminne gjennom støtteordningar og ulike kulturprogram og at kulturminne skal forvaltas som ein ressurs for og i lokalmiljø. Det er også positivt at det skal utarbeidast ein strategi for kreative næringar, reiseliv og kulturminne. Vi saknar imidlertid eit konkret handlingsprogram som fortel korleis dette arbeidet skal følgjast opp og korleis ein kan kople dei lokale kulturminneplanane inn i dette arbeidet.

Vi viser til vårt innspel til planprogrammet:

«I intensjonsavtalen for Kinn kommune er det å styrke lokal stadsidentitet og fellesskapskjensle sett som eit av dei overordna måla. Her ynskjer vi å peika på kulturarven som ein viktig ressurs. Både Flora og Vågsøy har utarbeidd kulturminneplanar. Felles for desse er at kystkulturen står sentralt. Både sjøhusmiljø, krigsminne og fyr- og fartøyhistorie er døme på sentrale deler av denne kulturen. I det vidare arbeidet med å definere hovudsatsingsområde, er vårt innspel at kulturarv vert vurdert som eit hovudsatsingsområde og at Kinn kommune i sitt vidare planarbeid ser på korleis kulturarven kan nyttast som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga»

Vassmiljø

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion (2015) viser korleis vi ynsker å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv, og fastsett miljømål for elvar,

bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn (vassførekomstar). Tilstanden av alle vassførekomstar i kommunen og miljømåla deira er gjeven i databasen vann-nett.no.

Kommunen si målsetting og strategi i samfunnssdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen. [Nye nasjonale føringer](#) for vassforvaltning poengterer at kommunane si arealplanlegging er viktig for å nå miljømål i norsk vatn.

Det generelle målet er å sikre at god tilstand er nådd og/eller heldt ved like i alle vassførekomstar, med mindre unnatak er gitt. Med god tilstand meinast god økologisk og kjemisk tilstand (god kjemisk og kvantitativ tilstand for grunnvatn) jf. vassforskrifta. God tilstand sikrar gode levekår for vasslevande plantar og dyr og byggjer mangfold slik at vi menneske kan hauste frå naturen på berekraftig og trygt vis.

Vi føreslår nokre endringar for å sikre at kommuneplanen integrerer heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatn i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen og vassforskrifta (ny tekst understreka)

Arealutvikling og forvalting

Tenesteytar punkt 1:

Utbygging og vedlikehald av infrastruktur som breibandsdekning, veg, vassforsyning, avløp, samanhengande grønstruktur, gangsti/gang- og sykkelvegar, hamner, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg. God gang- og sykkel-tilkomst skal vektleggjast.

Forvaltar punkt 7:

Legge vekt på og ivareta naturmangfold og vasskvalitet i planar og utbygging. Ny arealbruk skal ikke gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

Helse og velferd

Folkehelse og livsmeistring. Vi legg til rette for aktiv deltaking i lokalsamfunnet som aukar tilknyting til sosiale nettverk og motvirkar isolasjon. Vi føl opp tilrådingane om meir fysisk aktivitet i befolkninga, med eit spesielt fokus på heimebuande eldre og barn og unge. Vi føl retningslinjene for eit sunt kosthald, og sikrar reint og godt drikkevatn og badevatn.

Klima og miljø

Tenesteytar nytt punkt:

Kommunen sikrar gode løysingar for avløp og gjennomfører si rolle som ureiningsmynde på ein god måte.

Forvaltar nytt punkt:

Kommunen sikrar og bidrar til å nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen for elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.

Planar som vil følgje opp dette temaet:

Her bør kommunen vurdere ein kommunedelplan på vatn, avløp og vassmiljø.

Til slutt vil vi få ønskje lukke til i arbeidet vidare med å utvikla ein god plan for utviklinga av Kinn kommune.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Marianne Bugge
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Kinn kommune v/Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER